

Det overordna forskingsprosjektet mitt er å finne relevante teoriar og forklaringsmodellar som kan sjå utfordringane knytte til nynorsk som sidemål frå perspektiv som gjer det mogleg å både forstå desse utfordringane betre og å utvikle betre strukturar og undervisningsmetodar. Det vil altså som regel både vere eit språklæringsperspektiv og eit fagdidaktisk perspektiv i tilnærminga mi.

Eg har tidlegare argumentert for at det kan vere fruktbart å sjå på nynorsk som eit andrespråk i det norske opplæringssystemet (Haugan, 2017), og eg har brukt perspektiv på motivasjon, identitet og investering (Haugan, 2019, 2020; Norton, 2013; Dörnyei, 2009) for å forstå nokre av utfordringane knytte til nynorsk som sidemål.

I 2020 lanserte kollega Arne N. Jordet frå pedagogikkmiljøet ved Høgskolen i Innlandet boka *Anerkjennelse i skolen. En forutsetning for å læring* (Jordet, 2020). Denne boka tek utgangspunkt i teorien til den tyske sosialfilosofen Axel Honneth og bruker teorien på generelle perspektiv på læring, som så langt ser ut til å vere svært fruktbare også for det konkrete feltet nynorsk som sidemål.

I startfasen av prosjektet mitt er forskingsspørsmålet mitt i kva grad Honneths (2008 (1992)) anerkjenningsteori kan brukast for å forstå problematiske sider knytte til nynorsk som sidemål. Hypotesen min er at omgrepsapparatet til Honneth, med bl.a. omgrepsparet anerkjenning og krenking, kan forklare korfor dei fleste elevane utviklar eit mindre positivt forhold til nynorsk som sidemål. Dersom dette kan gjerast tydeleg for norsklærarar og læreplanutviklarar gjennom refleksjon med utgangspunkt i anerkjenningsteori, vil det kunne vere eit betre grunnlag for å kunne utvikle betre læreplanar og ein betre sidemålsdidaktikk.

Prosjektet er på det noverande tidspunktet i startfasen, og sjølve innlegget vil konsentrere seg rundt ein presentasjonen av teorien og ein adapsjon til feltet nynorsk som sidemål.

Referansar

- Dörnyei, Z. (2009). «The L2 Motivational Self System». In: Dörnyei, Z. og Ushioda, E. *Motivation, Language Identity and the L2 Self*. Ss. 9-42.
- Jordet, A. N. (2020). *Anerkjennelse i skolen. En forutsetning for å læring*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Haugan, J. (2017). Language diversity in Norway and the question of L1 and L2. In: *Beyond Philology. An International Journal of Linguistics, Literary Studies and English Language Teaching*. 14/1. Ss. 181-204.
- Haugan, J. (2019). When the first languages feels like a second language: Challenges for learners of Norwegian Nynorsk. In: *Beyond Philology. An International Journal of Linguistics, Literary Studies and English Language Teaching*. 16/1. Ss. 141-164.
- Haugan, J. (2020). Norwegian and the L2 Self. In: *Beyond Philology. An International Journal of Linguistics, Literary Studies and English Language Teaching*. 17/1. Ss. xx. (in press)
- Honneth, A. (2008). *Kamp om anerkjennelse*. Oslo: Pax. [omsettjing av Honneth 1992]
- Norton, B. (2013). *Identity and language learning: Extending the conversation*. 2nd edition. Bristol, Buffalo, Toronto: Multilingual Matters.